



## STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2013

Fastlandssamband Halsnøy AS sin forretningsidé er, etter at Stortinget i 2003 godkjende prosjektet Halsnøysambandet, å ta opp og betala ned nødvendige lån til prosjektet og sørgja for innkrevjing av bompengar i samsvar med godkjend ordning.

Selskapet sin aksjekapital er på kr 190 000 fordelt på 190 aksjar, der pålydande er kr 1000. Selskapet sine aksjonærar går fram av notane til rekneskapen. Alle aksjar har like rettar.

Ordinær generalforsamling vart halden 14. juni 2013 på Dill AS, Halsnøy. Statens vegvesen og Riksrevisjonen fekk tilsendt alle generalforsamlingspapira og blei inviterte til å delta på generalforsamlinga.

Selskapet hadde pr. 31.12.2013 følgjande styre:

Styrelieiar	Ole Torbjørn Holmedal	varamedlem Svein K. Halleraker
Nestleiar	Synnøve Handeland	varamedlem Stein Inge Ryssdal
Styremedlem	Liv Kari Eskeland	varamedlem Leif-Steinar Alfsvåg
Styremedlem	Øyvind Hardeland	varamedlem Jostein Ljones
Styremedlem	Svein Røyrvik	varamedlem Kjell Yri

Årsoppgjeret er lagt fram under føresetnad om vidare drift av selskapet.

Selskapet har ingen tilsette.

Styret i selskapet har tre mannlege og to kvinnelege medlemmer. Styret i selskapet er bevisst på dei samfunnsmessige krava om tiltak for å fremja likestilling i selskapet.

Selskapet si verksemd medfører verken forureining eller utslepp som kan vera til skade for det ytre miljøet. Det er Statens vegvesen som var byggherre for og er eigar av Halsnøysambandet.

### Om drifta

Det har vore fire styremøte i 2013:

8. mars, 10. mai, 20. september og 13. desember på Kulturhuset Husnes.



Styret si årsmelding 2013  
Side 2 av 8

## Dagleg drift

Via Futura AS v/Marlen Hellen har i 2013 teke hand om den daglege drifta og utført spesielle og løpande oppgåver som er knytt til selskapet i høve til bompengavtalen. Via Futura AS har hatt avtale om administrative tenester for selskapet frå 2005. Etter gjennomført anbudsrunde i 2011/2012 blei Via Futura AS tildelt oppdraget for ny periode. Ny avtale er inngått for perioden 01.04.2012 – 01.04.2016.

Fastlandssamband Halsnøy AS er medlem i Norvegfinans og får gjennom medlemsskapet nyttig informasjon innan bompengeområdet.

## Prosjektet

Arbeidet med Halsnøysambandet starta våren 2005. Den første salven i tunnelen vart avfyrt 12. august 2005 og gjennomslag i tunnelen fann stad 24. august 2006.

Halsnøysambandet vart opna for ordinær trafikk 8. mars 2008, og bompengeinnkrevjinga starta same dagen.

## Status på anlegget

Statens vegvesen sitt kostnadsoverslag for anlegget var på 343 mill. i 2003-kr.

Kvinnherad kommune skal dekkje 10 % av sluttoppgjeret. Selskapet mottok og betalte i 2012 rekvisisjon på 9,5 mill kr. til Statens vegvesen. Selskapet har fakturert Kvinnherad kommune kr. 950 000 pr. 31.12.2013 for den del av sluttoppgjeret som vart dekkja av selskapet i 2012. Endeleg avrekning med Kvinnherad kommune vil skje etter at total prosjektavrekning frå Statens vegvesen føreligg. Statens vegvesen har varsla selskapet om ein siste rekvisisjon, ca. 1 mill. kr. Selskapet forventar at sluttoppgjer blir ferdigstilt i 2014.

## Bompengeinnkrevjinga

### Ny service- og vedlikehaldsavtale

Q-Free ASA har fram til desember 2013 hatt ansvar for service- og vedlikehaldet av vegkantutstyret ved bomstasjonen på Halsnøy. Avtalen med Q-Free ASA vart tidlegare inngått av Statens vegvesen på vegne av bompengeselskapa og selskapet har vore del av denne avtalen.





Styret si årsmelding 2013  
Side 3 av 8

Leverandør av utstyret til bomstasjonen er Tecsidel. Selskapet har vurdert det som lite tenleg å ha service- og vedlikehald frå anna selskap enn det selskapet som har levert utstyret. Det var m.a. fleire periodar i 2012 med problem med innkrevjingsutstyret og som følge av dette tap av passeringsinntekter.

Selskapet har i 2013 jobba aktivt for å unngå driftsproblem på innkrevjingsutstyret. Det vart i desember 2013 inngått ny service- og vedlikehaldsavtale med Tecsidel. Det vert lagt til grunn at ein med ny avtale med leverandør av vegkantutstyret unngår uakseptabel tidsforbruk på feilretting og problemløysing framover.

### **Vegkantutstyret - driftsavvik**

Det har tidlegare år vore problem med innkrevjingsutstyret i bomstasjonen på Halsnøy. Dette vart spesielt gjeldande i 2012 med lengre periodar med driftsproblem. Grunna mangel å reservedalar og lang leveringstid tok det langt tid å få løyst problemet. Inntektstapet for selskapet var merkbart og vart estimert til ca. 1,4 mill. kr.

Vegkantutstyret har i løpet av 2013 vore stabilt. Det har vore små driftsavvik, men desse har vore løyst raskt.

Ny avtale med Tecsidel om service- og vedlikehald vert forventta å bidra til at vegkantutstyret fungerer optimalt framover.

### **Driftsoperatør**

Vegamot AS blei vald som driftsoperatør ved oppstart innkrevjing i 2008 og har gitt månadlege rapportar om trafikken og drifta i anlegget og tilhøyrande rekneskap. Samarbeidet med Vegamot AS har vore godt. Avtalen med Vegamot AS løp til 01.04.2013.

Selskapet starta i 2012 anbudsprosess for driftstjenester. I arbeidet med anbudsprosessen nytta selskapet konkurransegrunnlag utarbeida av Norveginans og eigen konsulent Trond Foss v/Sintef. Det var to tilbydara i anbuds konkurransen, Vegamot AS og Bro- og Tunnelselskapet AS. Bro- og Tunnelselskapet AS blei valgt som ny leverandør av driftstjenester. Avtale er inngått for perioden 01.04.2013 – 01.04.2016.

Skifte av driftsoperatør til Bro- og Tunnelselskapet AS har gått smidig og vore utan problem. Bro- og Tunnelselskapet AS skifta namn til BT Signaal i november 2013.

Styret si årsmelding 2013  
Side 4 av 8

## **Innkrevjing frå utanlandske kjøretøy**

Selskapet har avtale med EPC (European Parking Collection plc) om innkrevjing frå utanlandske kjøretøy, avtalen gjeld til 01.06.2014. I 2013 har selskapet mottatt kr. 197 280 frå EPC. Provisjon til EPC utgjør ca. 17,4 % av mottatt betaling.

Turistløysinga (Visitors' Payment) i regi av Statens vegvesen Vegdirektoratet er eit tilbod til turistar og utanlandske kjøretøy. Løysinga gjer det enklare å betale i alle AutoPASS-anlegg ved at kunden registrere seg på nettet med kredittkort. Det har vore ein auke i bruken av denne løysinga sidan oppstart.

## **Betalingsmåtar**

Det har i 2013 vore 740 innbetalningar for passeringar på servicestasjonane mot 845 i 2012, ein reduksjon på ca. 12 %.

Som ein del av CS Norge er det mogleg å betale enkeltpasseringar på nett. Denne ordninga er lite brukt, og på landsbasis.

## **Endring takstar**

Selskapet gjorde i august 2010 vedtak om å redusere taksten for tung bil frå kr. 320,- til kr. 200,- og innføre ½ times regel for passering i bomstasjonen for lett bil. Målet med vedtaket er å omdefinere sambandet frå å vera eit ferjeavløysingssamband, og auka attraktiviteten i sambandet, som igjen vil gi auka trafikk og mogleg nedkorting av nedbetalingstida.

Selskapet legg vekt på prisforholdet mellom lett/tung bil som bør harmoniserast i forhold til andre bompengeanlegg.

Det er Statens vegvesen Vegdirektoratet som gjer endelig vedtak om takstendring. Endeleg vedtak er foreløpig ikkje mottatt.





Styret si årsmelding 2013  
Side 5 av 8

## Trafikkutvikling

Tabellen viser brutto passeringar i bomstasjonen frå oppstart innkrevjing.

Månad	Passeringar 2008	ÅDT 2008	Passeringar 2009	ÅDT 2009	Auke 2008/2009	Passeringar 2010	ÅDT 2010	Auke 2009/2010
Januar	0		19 566			19 896		
Februar	0		19 567			19 685		
Mars	17 525		21 095			22 752		
April	21 383		21 672			22 030		
Mai	22 163		23 916			22 845		
Juni	21 874		24 287			25 445		
Juli	22 659		24 856			22 706		
August	21 289		23 582			23 235		
September	20 934		23 622			23 205		
Oktober	20 678		21 265			23 314		
November	20 241		20 639			22 938		
Desember	20 520		22 358			23 583		
<b>Sum</b>	<b>209 266</b>	<b>700</b>	<b>266 425</b>	<b>730</b>	<b>+ 4,3 %</b>	<b>271 634</b>	<b>744</b>	<b>+ 1,9 %</b>

Månad	Passeringar 2011	ÅDT 2011	Nedgong 2010/ 2011	Passeringar 2012	ÅDT 2012	Auke 2011/ 2012	Passeringar 2013	ÅDT 2013	Auke 2012/ 2013
Januar	21 110			21 430			22 675		
Februar	21 414			20 495			21 310		
Mars	23 498			22 671			23 808		
April	22 072			21 112			23 552		
Mai	23 845			21 921			25 406		
Juni	24 169			24 367			25 393		
Juli	23 295			24 693			25 286		
August	23 398			25 110			26 304		
Sept.	20 869			22 853			25 138		
Oktober	20 507			24 230			25 696		
November	20 528			22 979			24 599		
Desember	23 099			22 539			24 277		
<b>Sum</b>	<b>267 804</b>	<b>734</b>	<b>-1,4 %</b>	<b>274 400</b>	<b>750</b>	<b>+2,46</b>	<b>293 444</b>	<b>804</b>	<b>+ 7</b>

ÅDT = gjennomsnittleg trafikk pr. døger

Nøkkeltala nedanfor er henta frå CS Norge – bompengeselskapa sitt innkrevjingssystem.

Betalande kjøretøy for 2013 gir ein ÅDT på 678 mot 619 i 2012.

Snittpris pr. passering (eks. tilleggsavgift) basert på total trafikk utgjer kr. 72,65 i 2013 mot kr. 69,18 i 2012.



Styret si årsmelding 2013  
Side 6 av 8

Andel passeringar som er belasta med rabattavtale (40 % rabatt) er på 55,5 % og er på same nivå som i 2012.

81,4 % av passeringane skjer med AutoPASS-brikker, og er på same nivå som i 2012.

12,3 % av passeringane vert fakturerte, eller betalte på servicestasjon eller på nett.

Tunge kjøretøy utgjer i 2013 7,1 % av dei totale passeringane, mens lette kjøretøy utgjer 88,7 %. Tunge kjøretøy utgjer ein liten auke på ca. 0,3 % frå 2012. Resterande passeringar på 4,2 % er knytt til ukjente passeringar. Ukjente passeringar er t.d. passeringar frå elbilar, traktorar og motorsyklar som «trigge» registrering, men som har fritak.

Ved årsskiftet var 3 919 AutoPASS-brikker knytte til avtalar med Halsnøysambandet. 2 853 av desse er eigne brikker, medan 1 066 er brikker frå andre bompengeselskap.

Trafikkutviklinga for 2013 har vore god med ein auke på 7 %. Selskapet antar at opphøyr innkrevjing i Trekantsambandet i april 2013 har hatt ein positiv effekt på trafikken i Halsnøysambandet.

## Låneavtalar og garanti

Selskapet har ein garanti frå Hordaland fylkeskommune på inntil 255 mill. kroner (2010). Garantien var opphavleg på 220 mill. kr. og blei i 2008 indeksregulert til 240 mill. kr. og i 2010 til 255 mill. kr. (løpande). Garantien og reguleringane er stadfesta av Kommunaldepartementet.

Styret inngjekk 3. juni 2005 avtale med Nordea Bank Norge ASA om lån på 200 mill. kroner. Hovuddelen av lånet vart sikra med ein rentebyteavtale med fastrente 4,27 % for 10 år frå same dato.

Selskapet inngjekk i 2008 låneavtale med Kommunalbanken om lån av inntil 40 mill. kr. basert på 3 mnd. Nibor + fast margin 0,3 %. Selskapet fekk i 2010 auka låneramma i Kommunalbanken til 55 mill. kr. basert på 3 mnd. Nibor + fast margin med løpetid til 2023.

Selskapet har i 2013 refinansiert lån i Nordea på kr. 133 809 924 ved at det er lagt til eksisterande lån i Kommunalbanken på 55 mill. kr. Lånet i Kommunalbanken på kr. 188 809 924 er basert på 3 mnd NIBOR med flytande margin.





Styret si årsmelding 2013  
Side 7 av 8

## Nøkkeltal

Totalkostnad prosjektet	kr 417 254 807 (prognose 2012)
Selskapet sin del, 67 % (inkl. 10 % frå Kvinnherad kommune)	kr 279 560 720 (prognose 2011)

Selskapet har overført pr. 31.12.2013	kr 279 530 000
Rest finansieringsdel	kr. 1 000 000 (prognose 2014)

Tala ovanfor er akkumulerte regnskapstall basert på Statens vegvesens gjennomgang av prosjektets kostnad og finansiering pr. desember 2012.

Lånegjeld pr. 31.12.2013	kr 188 809 924
--------------------------	----------------

Endringar i 2013:

• Nedbetaling lån 2013	kr 14 465 938
------------------------	---------------

Bompengeinntekter	kr 20 976 921
Rentekostnad	kr 6 726 963

Det er i 2013 utbetalt styrehonorar og møtegodtgjersle med kr 55 836 + arbeidsgjevaravgift. Honorar for styreleiar er kr 13 650 + kr 1 000 pr. møte i møtegodtgjersle.

## Styret si vurdering

Styret har i 2013 løpande vurdert den økonomiske situasjonen for selskapet på kort og lang sikt.

- Trafikkveksten i Halsnøysambandet var i 2013 på 7 %. Styret vurderer at trafikkauken har samanheng med at innkrevjinga i Trekantsambandet vart avslutta 30. april 2013. Styret vurderer at trafikken vil vera god framover.
- Styret har også vurdert at redusert takst for tunge kjøretøy vil gi auka trafikk i Halsnøysambandet og søkte i 2010 Statens vegvesen Vegdirektoratet om omlegging av takstsystemet frå å vere eit ferjeavløysingsprosjekt til å bli eit ordinært innkrevjingsprosjekt. Søknaden er foreløpig ikkje godkjent.



Styret si årsmelding 2013


Side 8 av 8

- Det vart i 2012 gjennomført anbuds konkurranse for både administrasjonstenester og driftstenester som har ført til reduserte kostnader.
- Det er i 2013 inngått nye avtale om service- og vedlikehald av innkrevjingsutstyret på bomstasjonen. Styret vurderer ny avtale som viktig tiltak for å unngå uakseptabel tidsbruk på feilretting og for å redusere inntektstap ved feil på innkrevjingsutstyret.
- Selskapet har refinansiert lån slik at ein ikkje lenger har likviditetsmessige utfordringar. Styret vurderer at nytt lån utan avdrag, men med moglegheit for kvartalsvise nedbetalingar etter selskapet sitt ynskje gjev selskapet større handlingsrom.
- Styret legg til grunn at selskapet i slutten av innkrevjingsperioden nedbetalar større deler av lånegjelda.
- Styret vurderer at det er mogleg å oppfylle sine forpliktingar innan gitt innkrevjingsperiode, men økonomien i prosjektet er relativt følsam for endringar. I følge St.prp. 84 (2003-2004) kan selskapet vurdere å auke takstane og forlenge innkrevjingsperioden med inntil 5 år dersom bompenginntektene blir lågare enn forventeta.


Styret arbeider ut frå føresetnaden om fortsatt drift av selskapet. Trafikkauke i 2013 samt at det kun har vore få mindre problem med innkrevjingsutstyret har resultert i eit betre resultat.


Fastlandssamband Halsnøy AS har ut frå føresetnader og rammevilkår ei tilfredsstillande, men stram økonomisk og finansiell stilling.


Husnes, 25. april 2014

  
Ole Torbjørn Holmedal  
styreleiar

  
Synnøve Handeland  
nestleiar

  
Øyvind Handeland  
styremedlem

  
Liv Kari Eskeland  
styremedlem

  
Svein Røyrvik  
styremedlem